

Agder Sekretariat
Sekretariat for kontrollutvalg i Agder

Postboks 120
4491 Kvinesdal
Bankkonto:
3080 32 25660
Organisasjonsnr.:
988 798 185

BYGLAND KOMMUNE - KONTROLLUTVALGET

Medlemmer:	Varamedlemmer:
Sigmund Lien, leiar	Knut A. Austad, 1. varamedlem
Olav Lidtveit	Renate Øvergård, 2. varamedlem
Marit Taksdal	Vidar Toreid, 3. varamedlem
Siri Alice B. Øvergård	
Åse Heistein	

INNKALLING TIL MØTE I KONTROLLUTVALET

Tid: Torsdag 9. mai 2019 kl. 13.00

Stad: Kommunehuset, formannskapssalen

Saksliste:

SAK 04/19 GODKJENNING AV MØTEBOK
SAK 05/19 KOMMUNEREKNESKAPET FOR 2018
SAK 06/19 KONTROLLUTVALET SI ÅRSMELDING FOR 2018

Revisor orienterer

Eventuelt

Byglandsfjord, 2. mai 2019

Sigmund Lien
Leiar

Kjell Ivar Hommen
Utvalssekretær

Sendt elektronisk til:

Medlemmene og 1. varamedlem, ordfører, rådmann, Revisor, Jorunn S. Tveiten, Setesdølen

Eventuelle forfall kan gjevast til Kjell Ivar Hommen, tlf. 97 51 02 98.

Eierkommuner:
Audnedal, Bygland, Bykle, Evje og
Hornnes, Farsund, Flekkefjord,
Hægebostad, Iveland, Kvinesdal,
Lindesnes, Lyngdal, Mandal,
Marnardal, Sirdal, Valle, Åseral

Ansatte:
Daglig leder Kjell Ivar Hommen
Telefon: 38 35 14 09
Mobiltelefon: 97 51 02 98
E-post: kjell.ivar@asekretariat.no

Saksbehandler Willy Gill
Telefon 38 35 52 77
Mobiltelefon 90 95 62 46
E-post: willy.gill@asekretariat.no

Agder Sekretariat

Sekretariat for kontrollutvalg i Agder

Postboks 120
4491 Kvinesdal
Bankkonto:
3080 32 25660
Organisasjonsnr.:
988 798 185

BYGLAND KOMMUNE – KONTROLLUTVALET

MØTEBOK

Møte nr. 01/19

Dato: Torsdag 28. februar 2019 kl. 13.00 – 14.45
Stad: Kommunehuset,

Tilstades:

Sigmund Lien, leiar
Olav Lidtveit
Åse Heistein
Marit Taksdal
Siri Alice B. Øvergård

Dessutan møtte:

Rådmann Aasmund Lauvdal (orientering og sak 04/19)
Tenesteleiar Kåre Einar Larsen (sak 04/19)
Forvaltningsrevisor Maren Stapnes
Forvaltningsrevisor Henriette Svendsen
Utvalssekretær Kjell Ivar Hommen

Det var ingen merknader til innkalling og saksliste.

Saksliste:

SAK 01/19 GODKJENNING AV MØTEBOK
SAK 02/19 ÅRSPLAN FOR 2019
SAK 03/19 UAVHENGIGHETSERKLÆRINGAR FRÅ REVISOR
SAK 04/19 RAPPORT BYGGESAKSHANDSAMING I BYGLAND KOMMUNE-
TILBAKEMELDING (ettersendt sak)

Referatsak:

R 01/19 Årsrapport frå Skatteoppkrevjaren i Bygland

Rådmannen var invitert for å orientere om aktuelle saker.

Revisor orienterer

Eventuelt

Eierkommuner:
Audnedal, Bygland, Bykle, Evje og
Hornnes, Farsund, Flekkefjord,
Hægebostad, Iveland, Kvinesdal,
Lindesnes, Lyngdal, Mandal,
Marnardal, Sirdal, Valle, Åseral

Ansatte:
Daglig leder Kjell Ivar Hommen
Telefon: 97 51 02 98
E-post: kjell.ivar@asekretariat.no

Saksbehandler Willy Gill
Telefon 90 95 62 46
E-post: willy.gill@asekretariat.no

Agder Sekretariat

Sekretariat for kontrollutvalg i Agder

Kvinesdal, 28. februar 2019

Agder Sekretariat

Kjell Ivar Hommen

Utvalssekretær

Utskrift vert send til: Kontrollutvalets medlemmer og 1. varamedlem, ordfører, rådmann, revisor, Jorunn S. Tveiten og Setesdølen

Agder Sekretariat

Sekretariat for kontrollutvalg i Agder

Møtebok 28. februar 2019

Bygland kontrollutval

SAK 01/19 GODKJENNING AV MØTEBOK

Samrøystes vedtak:

Møtebok frå 08.11.2018 vart godkjend.

SAK 02/19 ÅRSPLAN FOR 2019

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet vedtek Årsplan for 2019

Saksutgreiing:

Sakshandsamar: Kjell Ivar Hommen

SAK 02/19 ÅRSPLAN FOR 2019

Vedlegg:

- Framlegg til årsplan for 2019.

Sekretariatet har laga eit framlegg til årsplan.

Det kan verta aktuelt å endre på datoar, fordi m.a. tidspunkt for handsaming av årsrekneskapen for kommunen er usikker. Ein vil be utvalet sine medlemmer om å kome med innspel på orienteringar, informasjon osv. som er ynskjeleg i 2019.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet vedtek Årsplan for 2019.

3. Møteplan

Dato	Saker til handsaming (førebels oversikt)
Torsdag 28.02.2019	<ul style="list-style-type: none">• Årsplan for 2019• Uavhengighetserklæringar frå revisor• Aktuelle saker
Torsdag 11.04.2019	<ul style="list-style-type: none">• Kontrollutvalet si årsmelding for 2018• Aktuelle saker
Torsdag 23.05.2019	<ul style="list-style-type: none">• Årsrekneskapen for 2018• Aktuelle saker
?	<ul style="list-style-type: none">• Budsjett for Kontroll og Tilsyn for 2020• Selskapskontroll Konsesjonskraft IKS• Aktuelle saker
?	<ul style="list-style-type: none">• Aktuelle saker

Agder Sekretariat

Sekretariat for kontrollutvalg i Agder

SAK 03/19 UAVHENGIGHETSERKLÆRINGAR FRÅ REVISOR

Samrøystes vedtak:

Basert på revisors eigenvurdering av sin uavhengighet meiner kontrollutvalet at det kan konkluderes med at revisor tilfredsstillar kommuneloven og revisjonsforskriftas krav til uavhengighet.

Saksutgreiing:

Sakshandsamar: Kjell Ivar Hommen

SAK 03/19 UAVHENGIGHETSERKLÆRINGAR FRA REVISOR

Vedlegg:

Uavhengighetserklæringar frå oppdragsansvarlege revisorane Tor Ole Holbek og Tommy Pytten.

Saksopplysningar

Oppdragsansvarlig revisor skal i medhald av revisjonsforskriftas § 15 kvart år gje ei skriftlig eigenvurdering om sin uavhengighet til kontrollutvalet.

Kontrollutvalet må vurdere om revisors eigenvurdering tilseier at revisor tilfredsstillar de krav til uavhengighet som går fram i kommuneloven og revisjonsforskrifta.

Framlegg til vedtak:

Basert på revisors eigenvurdering av sin uavhengighet meiner kontrollutvalet at det kan konkluderes med at revisor tilfredsstillar kommuneloven og revisjonsforskriftas krav til uavhengighet.

SAK 04/19 RAPPORT FORVALTNINGSREVISJON- BYGGESAKSHANDSAMING I BYGLAND KOMMUNE- TILBAKEMELDING

Samrøystes vedtak:

- 1. Kontrollutvalet tek rådmannen si tilbakemelding til orientering.**
- 2. Kontrollutvalet anbefalar at delegasjonsreglementet vert endra i tråd med tilråding nr. 11 i rapporten.**
- 3. Kontrollutvalet ønskjer tilbakemelding når alle tilrådingane er gjennomført.**

Saksutgreiing:

Sakshandsamar: Kjell Ivar Hommen

SAK 04/19 RAPPORT FORVALTNINGSREVISJON – BYGGESAKSHANDSAMING I BYGLAND KOMMUNE- TILBAKEMELDING

Agder Sekretariat

Sekretariat for kontrollutvalg i Agder

Vedlegg:

1. Tilbakemelding frå rådmannen, datert 15.01.2019, (mottatt 20.02.2019)

Bakgrunn:

Kontrollutvalet gjorde i sitt møte 10.10.2019 ei tilråding til kommunestyret i samband med motteke forvaltningsrevisjonsrapport «Byggesakshandsaming i Bygland kommune»

Tilrådinga lydde slik:

«Kommunestyret ber rådmannen fylgje opp dei tilrådingane som kjem fram i rapporten.

Kommunestyret ber rådmannen gje ei tilbakemelding til kontrollutvalet innan 15. januar 2019.»

Kommunestyret har gjort vedtak i tråd med tilrådinga frå kontrollutvalet.

Tilrådingane var desse: (Tilbakemeldinga frå rådmannen i *kursiv*)»)

- Kommunen bør ta en gjennomgang av planverket sitt for å vurdere hvorvidt en oppdatering er nødvendig, se punkt 6.5.

Kommunen har tilsett fagleiar plan (100% stilling) i stabseining for plan og utvikling (POU) frå 13.08.18. Denne stillinga har som si hovudoppgåve å arbeide med kommunen sitt planverk. Det er blant anna sett i gong arbeid med reguleringsplanar, samt at arbeid med ny kommuneplan er i gong. I tillegg er det utarbeidd ein planoversikt, som gir både oversikt over og status på dei ulike planane i kommunen.

Naudsynte endringar er gjort, og desse er vurdert å vere i tråd med revisjonens tilrådingar.

- Kommunen bør sende ut foreløpig svar til tiltakshaver eller ansvarlig søker innen en måned fra mottatt søknad for å informere vedkommende om status på søknad, se punkt 7.8.

Historisk sett så har det vore nokre få tilfelle kor det ikkje har vore sendt ut førebels svar til tiltakshavar/ansvarleg søkjar innan ein månad etter mottak av søknad. Det er viktig å presisere at dette ikkje har vore normen, og at langt på veg dei fleste har fått førebels svar innan fristen.

Det er gjort kvalitetsforbetrande tiltak innan byggesakshandsaminga, og ein har forbetra rutineane for oppfølging av pågåande byggesaker. Dette gjeld då også for utsending av førebels svar.

Naudsynte endringar er gjort, og desse er vurdert å vere i tråd med revisjonens tilrådingar.

- Kommunen bør påse at saken er så godt opplyst som mulig før vedtak fattes, se punkt 7.8.

Kvaliteten på både saksframlegg og administrative vedtak skal vere god nok og i tråd med gjeldande regelverk. Dette er eit stadig pågåande arbeid. Tilsette i POU deltek jamleg på kurs og seminar for å utvikle sin kompetanse innan fagfeltet. Ein har i tillegg innført faste kontormøter i stabseininga, samt at samarbeidet med plan- og byggesak i Iveland kommune har gitt ein ny arena for faglege diskusjonar.

- Kommunen bør ikke dele opp søknaden i to trinn dersom søknaden ikke er oppdelt, med mindre slik oppdeling er avtalt med søker, se punkt 7.8.

Agder Sekretariat

Sekretariat for kontrollutvalg i Agder

Revisjonen peikar i sin rapport på at kommunen ikkje har høve til å dele søknader i to trinn om søknaden ikkje er oppdelt. Som vist i pkt 12 i rapporten, er ein ikkje heilt samd med revisjonen her, og meiner at kommunen har ein god og rett praksis på dette området. Noko av forklaringa på avviket kan vere at revisjonen ikkje har funne tilstrekkeleg dokumentasjon på at dette er avtalt med søkjar.

Det er gjort kvalitetsforbetrande tiltak innan byggesakshandsaminga, og ein har forbetra rutinane for sakshandsaminga av byggesaker. Dette gjeld også for dokumentasjon av avtaler som gjerast med søkjar.

Naudsynte endringar er gjort, og desse er vurdert å vere i tråd med revisjonens tilrådingar.

- Kommunen bør sørge for at vurderingen av om lovens vilkår er oppfylt foretas og dokumenteres i de tilfeller hvor slike vurderinger er påkrevd, se punkt 7.8.

Revisjonen peiker på at det i nokre få saker skulle vore dokumentert ei betre vurdering av lovas vilkår, særleg med fokus kva for konklusjonar desse vurderingane får. Det er ei heilt klar målsetting at det i slike saker skal gjerast ei god vurdering av lovas vilkår, og det arbeidast jamt med å forbetre arbeidet med dette.

Det er gjort kvalitetsforbetrande tiltak innan byggesakshandsaminga, og ein har forbetra rutinane for sakshandsaminga av byggesaker.

Naudsynte endringar er gjort, og desse er vurdert å vere i tråd med revisjonens tilrådingar.

- Kommunen bør oppdatere «planinnsyn» med alle gitte dispensasjoner, samt avslåtte dispensasjonssøknader, se punkt 7.8.

POU har sett i gong arbeidet med å få oppdatert modulen «Planinnsyn» slik at gitte dispensasjoner og avslåtte dispensasjonssøknader blir tilgjengeleg digitalt.

Dette er eit omstendeleg og tidkrevjande arbeid, og det er forventa at ein må bruke 2019 for å få dette heilt i orden.

Naudsynte endringar er gjort, og desse er vurdert å vere i tråd med revisjonens tilrådingar.

- Kommunen bør ikke behandle søknader om dispensasjon på administrativt nivå, se punkt 7.8

POU skal kun handsame søknader som er i tråd med delegasjonsreglementet, med mindre det er gjort vedtak i plan-, miljø og ressursutvalet som legitimerer at einsskilde saker kan handsamast administrativt.

Noverande praksis på området er i tråd med dette og vurdert å vere i tråd med revisjonens tilrådingar.

- Kommunen bør forbedre saksbehandlingen av søknader om dispensasjon, se punkt 7.8.

Sjå førre punkt.

- Kommunen bør endre kommunens praksis som er i strid med forvaltningslovens habilitetsregler, se punkt 8.2.

Det vart oppretta ei ny stabseining for plan og utvikling (POU) 1.4.18. Denne har blant anna ansvaret for kommunalt planarbeid og byggesakshandsaming. I tillegg til fagleiar plan og eigen kommunal byggesakshandsamar, er det etablert eit fast og gjensidig samarbeid med Iveland kommune innan plan- og byggesaksområdet. Dette inneber at leiar for plan og utvikling har tilgang på fleire sakshandsamarar i fall ein får habilitetsproblematikk. Dette mogleggjer fordeling av byggesaker mellom to byggesakshandsamarar, og ikkje berre ein som tidlegare. I tillegg kan

Agder Sekretariat

Sekretariat for kontrollutvalg i Agder

habilitetsproblematikk oppstå i høve til plansaker, og då har ein lett tilgang på anna sakshandsamar som kan overta den respektive saka.

I revisjonsrapporten er det sett fokus på at ein i ein liten kommune som Bygland, kan det vere problematisk at tilsette kjem frå – og bur i kommunen. Noverande leiar for POU er ikkje opphavelig frå Bygland kommune og bur heller ikkje i kommunen. Dette er vurdert å vere ei føremon i høve til habilitetsproblematikk.

Naudsynte endringar er gjort, og desse er vurdert å vere i tråd med revisjonens tilrådingar.

- Kommunen bør utarbeide skriftlege rutiner vedrørende habilitet, se punkt 8.2

Det er utarbeidd skriftleg rutine angående habilitet for administrativt tilsette. Denne er tilgjengeleg i kommunen sitt kvalitetsstyringssystem – Compilo. Rutinen er ny og såleis ikkje fullt ut implementert i organisasjonen, men det arbeidast det med.

Naudsynte endringar er gjort, og desse er vurdert å vere i tråd med revisjonens tilrådingar.

- Kommunen bør klargjøre delegeringsreglement, samt gjøre videredelegeringen fra rådmann, via tjenesteleder, og ned til saksbehandler skriftlig, se punkt 9.3.

Kommunen sitt politisk vedtekte delegeringsreglement er datert 14.12.18. Siste utgåve av rådmannen sin vidaredelegering til underordna leiarnivå er datert 1.5.18 (etter omorganiseringa). Den tidlegare versjonen av dette er datert 20.12.17.

Alle delegeringsreglement er tilgjengeleg i kommunen sitt kvalitetssystem Compilo.

Dette er vurdert å vere i tråd med revisjonens tilrådingar.

- Kommunen bør forbedre saksbehandlingstiden på byggesaksområde, se punkt 9.3.

Revisjonen peiker på at nokre saker har hatt for lang sakshandsamingstid. Det er tatt tak i dette, og fleire «gamle» saker er no slutført, og det arbeidast kontinuerleg med å følgje opp saker som ikkje er ferdige. Nokre av desse sakene er kompliserte, og det tek ein del tid å få innhenta tilstrekkeleg med dokumentasjon for å få slutført sakene.

Det er gjort kvalitetsforbetrande tiltak innan byggesakshandsaminga, og ein har forbetra rutiane for pågåande byggesaker. Det er ei klar målsetting at alle nye byggesaker skal vere ferdig handsama innan gjeldande tidsfristar.

Naudsynte endringar er gjort, og desse er vurdert å vere i tråd med revisjonens tilrådingar.

- Kommunen bør oppdatere «planinnsyn» med kommunens til enhver tids gjeldende planer, plankart og planbestemmelser, se punkt 9.3.

POU har sett i gong arbeidet med å få oppdatert modulen «Planinnsyn» slik at gjeldande planverk blir tilgjengeleg digitalt. Det er kjøpt inn ny digital plotter/skanner (A0-format). Som er forventa levert i løpet av nær framtid. Dette vil gjere det mogleg å få digitalisert gamle regulerings- og detaljplaner m.v på ein meir kostnads- og tidseffektiv måte enn tidlegare.

Dette er eit omstendeleleg og tidkrevjande arbeid, og det er forventa at ein må bruke 2019 for å få dette heilt i orden.

Naudsynte endringar er gjort, og desse er vurdert å vere i tråd med revisjonens tilrådingar.

- Kommunen bør innføre kontroll av vedtak avgjort av saksbehandler med delegert myndighet, se punkt 9.3.

Etter siste omorganisering er det leiar av POU som har delegert mynde til å avgjere byggesaker som kan vedtakast administrativt. Sakshandsamarnivået i POU har no kun eit saksførebuande ansvar i alle byggesaker – både til administrativt og politisk nivå. Dette inneber at det er innført eit ekstra kontrollnivå i høve til byggesak.

Agder Sekretariat

Sekretariat for kontrollutvalg i Agder

Naudsynte endringar er gjort, og desse er vurdert å vere i tråd med revisjonens tilrådingar.

- Kommunen bør foreta en risikovurdering som grunnlag for å prioritere, og dermed iverksette, kontrolltiltak, se punkt 9.3.

Det blir gjennomført jamlege vurderingar av risiko. Det er allereie gjort mange endringar som har ført til nye eller endra rutinar og prosedyrar innan byggesaksområdet.

Når det gjeld plan- og byggesaksområdet, ser ein at ei ROS-vurdering vil inngå som ein naturleg del av arbeidet fram mot ny kommuneplan. Det vil difor bli prioritert å gjere ei grundig vurdering av risiko og sårbarheit i samband med planprosessen mot ny kommuneplan og følgje denne sin tidsplan.

Revisor og rådmann vil vere til stades og kan svare på spørsmål.

Framlegg til vedtak:

4. Kontrollutvalet tek rådmannen si tilbakemelding til orientering.

Referatsak:

Denne saka vart referert og teken til orientering:

R 01/19 Årsrapport frå Skatteoppkrevjaren i Bygland

Rådmannen orienterte om aktuelle saker.

Møtet vart lukka i medhald av kommunelova § 13 nr. 3.

Revisor orienterar

Eventuelt

Kontrollutvalet kan ikkje sjå å ha motteke tilbakemelding frå rådmannen innan fristen i høve til kommunestyret sitt vedtak omkring selskapskontroll i Setesdal Brannvesen IKS.

Neste møte i kontrollutvalet er planlagt 11. april 2019.

Agder Sekretariat

Kontrollutvalet i Bygland kommune

Sak 05/19

Møtedato: 09.05.2019

Sakshandsamar: kih

Sak 05/19 KOMMUNEREKNESKAPEN FOR 2018, BYGLAND KOMMUNE

Lover, forskrifter:

Lov om kommunar og fylkeskommunar av 25. september 1992

Forskrift om årsrekneskap og årsmelding av 15. desember 2000, med endringar i 2004

Saksdokument som er lagt med saken:

Årsrekneskapen for 2018

Årsmeldinga for 2018

Revisjonsmelding, datert 15.04.2019

..

Saksopplysningar:

Driftsrekneskapen viser kr 104 654 302 til fordeling drift og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 1 075 799.

Årsrekneskapen inneheld balanse per. 31. desember 2018, driftsrekneskap, investeringsrekneskap og økonomiske oversikter for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, og ei beskriving av vesentleg brukte rekneskapsprinsipp og andre noteopplysningar.

Årsrekneskapen er utarbeida etter dei formelle krav som stilles i kommuneloven med tilhøyrande rekneskapsføresegner i forskrift for årsrekneskap og årsmelding og god rekneskapsskikk i Noreg.

Revisor vil vera til stades i kontrollutvalet sitt møte og kan svare på mulege spørsmål i samband med rekneskapen.

Framlegg til vedtak:

Uttale frå kontrollutvalet til kommunestyret:

Kontrollutvalet har handsama Bygland kommune sin rekneskap for 2018. Driftsrekneskapen syner kr 104 654 302 til fordeling drift og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr. 1 075 799. Saman med årsrekneskapen låg det føre årsmelding frå rådmannen og revisjonsmelding frå Agder Kommunerevisjon IKS.

Kontrollutvalet meiner at presentasjonen av regnskapet med tilhøyrande spesifikasjonar og noter, samt rådmannen si årsmelding, dekkjer dei formelle krava i rekneskapsforskrifta og rekneskapsbrukaren sitt informasjonsbehov.

Ut over dette og det som kjem fram i revisjonsmeldinga har kontrollutvalet ingen merknader til Bygland kommune sin årsrekneskap for 2018.

Til kommunestyret i Bygland kommune

Kopi:
Kontrollutvalet
Formannskapet
Administrasjonssjef

MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR

Uttale om revisjonen av årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen for Bygland kommune som viser kr 104 654 302 til fordeling drift og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 1 075 799. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2018, driftsrekneskap, investeringsrekneskap, og økonomiske oversikter for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og noter til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining er årsrekneskapen som følgjer med, gitt i samsvar med lov og forskrifter og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunen per 31. desember 2018, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta *Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av kommunen slik det er krav om i lov og forskrift, og har overholdt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Ytterlegare informasjon

Administrasjonssjefen er ansvarleg for ytterlegare informasjon. Ytterlegare informasjon består av informasjon i kommunens årsrapport, men ikkje årsrekneskapen og revisjonsmeldinga.

Vår uttale om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje slik ytterlegare informasjon, og vi attesterer ikkje denne informasjonen.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese den ytterlegare informasjonen for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom han og årsrekneskapen eller kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om han tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon. Dersom vi hadde konkludert med at den ytterlegare informasjonen inneheld vesentleg feilinformasjon, ville vi rapportert om det. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte. Vi viser elles til avsnittet «Konklusjon om årsmeldinga» under utsegn om andre lovmessige krav.

AGDER KOMMUNEREVISJON IKS

Administrasjonssjefen sitt ansvar for årsrekneskapen

Administrasjonssjefen er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, derunder for at han gir ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapskikk i Noreg. Administrasjonssjefen er også ansvarleg for slik intern kontroll han finn naudsynt for å kunne utarbeide et årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Vårt mål med revisjonen er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av feil eller misleg framferd, og å gi ei revisjonsmelding som gir inneheld vår konklusjon. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimeleg grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjønn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoane for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, enten det skuldast misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Vi utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og hentar inn revisjonsbevis som er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoane for at vesentleg feilinformasjon som følgje av misleg framferd ikkje blir avdekket, er høgare enn for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er tilsikta, sidan misleg framferd kan innebære samarbeid, forfalsking, bevisste utelatingar, feil presentasjonar, eller brot på interne kontrollrutinar.
- opparbeidar vi oss ei forståing av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er føremålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av kommunen sin interne kontroll.
- evaluerer vi om rekneskapsprinsippa som er brukte, er føremålstenlege, og vurderer om rekneskapsestimata og tilhøyrande noteopplysningar som er utarbeidde av administrasjonssjefen, er rimelege.
- evaluerer vi den totale presentasjonen, strukturen og innhaldet i årsrekneskapen, og tilleggsopplysningane, og om årsrekneskapen representerer dei underliggjande transaksjonane og hendingane på ein måte som gir ei dekkande framstilling.

Vi kommuniserer med kontrollutvalet og administrasjonssjefen mellom anna om det planlagde omfanget av revisjonen og til hvilken tid revisjonsarbeidet skal utføres. Vi utvekslar også informasjon om tilhøve av betydning som vi har avdekket i løpet av revisjonen, samt om eventuelle svakheter av betydning i den interne kontrollen.

Utsegn om andre lovmessige krav

Konklusjon om budsjett

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at dei disposisjonar som ligg til grunn for årsrekneskapen i det alt vesentlege er i samsvar med budsjettvedtak, og at budsjettbeløpa i årsrekneskapen stemmer med regulert budsjett.

AGDER KOMMUNEREVISJON IKS

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringskikk i Noreg.

Evje, 15. april 2019
Agder Kommunerevisjon IKS



Tommy Pytten
oppdragsansvarleg revisor

Agder Sekretariat

Kontrollutvalet i Bygland kommune

Sak 06/19

Møtedato: 09.05.2019

Sakshandsamar: kih

SAK 06/19 KONTROLLUTVALET SI ÅRSMELDING FOR 2018

Vedlegg:

- **Framlegg til årsmelding for 2018**

Sekretær har utarbeida framlegg til årsmelding for Bygland kontrollutval 2018.

Framlegg til vedtak:

Årsmeldinga for 2018 vert vedteken.

Bygland kommune

Kontrollutvalet si årsmelding 2018



KONTROLLUTVALET SITT ANSVAR

Kommunestyret har etter Kommuneleva § 76 det øvste ansvaret for kontroll og tilsyn i kommunen. Kontrollutvalet skal etter Kommuneleva § 77 stå føre det jamlege tilsynet med den kommunale forvaltninga på kommunestyret sine vegne.

KONTROLLUTVALET SI VERKSEMD M.M.

Kontrollutvalet sine møter

I 2018 har det vore 3 møter og handsama 10 saker. I tillegg kjem referatsaker og orienteringssaker.

Kontrollutvalet sine møter vert halden i kommunehuset på Bygland.

Rådmannen og/eller rådmannen sine medarbeidarar har vert invitert til fleire av kontrollutvalsmøta for å orientere om saker som utvalet har hatt ønske om å få ein breiare kunnskap og informasjon om.

Leiar av utvalet deltok på Kontrollutvalskonferansen i Oslo i februar 2018.

Kontrollutvalet sine oppgåver

I forskrift om kontrollutval § 4 heiter det:

”Kontrollutvalget skal føre det løpende tilsyn med den kommunale eller fylkeskommunale forvaltningen på vegne av kommunestyret eller fylkestinget, herunder påse at kommunen eller fylkeskommunen har en forsvarlig revisjonsordning. Utvalget kan ikke overprøve politiske prioriteringer som er foretatt av kommunens eller fylkeskommunens folkevalgte organer.”

Kontrollutvalet skal sjå etter at:

- kommunens rekneskap vært revidert på ein forsvarleg måte
- det vær gjennomført forvaltningsrevisjon og gitt fullmakt til kommunerevisjonen om å gjennomføre forvaltningsrevisjon innanfor tildelte budsjetttrammer
- det blir gjennomført selskapskontroll
- resultata av sitt arbeid blir rapportert til kommunestyret
- administrasjonens oppfølging av revisjonsmerknader blir rapportert til kommunestyret

Kontrollutvalet kan hjå kommunen, utan hinder av teiesplikt, krevje ein kvar opplysning, utgreiing eller eitkvart dokument og gjera dei undersøkingar som det finn naudsynt for å gjennomføre oppgåvene.

Kontrollutvalet sine oppgåver ved rekneskapsrevisjon

Kontrollutvalet skal sjå etter at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning. Bygland kommune bruker Agder Kommunerevisjon IKS som revisor, og kontrollutvalet meiner at dette er ei god og forsvarleg revisjonsordning.

Ansvarlege revisorar har lagt fram erklæring om si sjølvstende til kommunen.

Revisor orienterer jamleg om saker som vert teken opp med rådmannen. Dette vert gjort gjennom nummererte brev eller med munnleg orientering til utvalet.

Kommunerekneskapa for 2017 vart handsama i kontrollutvalet 2. mai 2018. Revisjonen gav si revisjonsmelding 25. april 2018.

På bakgrunn av dette gav kontrollutvalet sin uttale til kommunerekneskapen for 2016 i tråd med kontrollutvalsforskriftas §7.

Kontrollutvalet sine oppgaver ved forvaltningsrevisjon

Det er kontrollutvalet som etter kommunelova sine føresegner har ansvaret for at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon i kommunen. Dette går fram av §77, nr. 4 som har følgjande ordlyd:

”Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte. Kontrollutvalget skal vidare påse at det føres kontroll med at den økonomiske forvaltning foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak, og at det blir gjennomført systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåelse og virkningar ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og forutsetningar (forvaltningsrevisjon.)”

Kapittel 5 i forskrift om kontrollutval inneheld utfyllande føresegner om kontrollutvalet sine oppgaver ved forvaltningsrevisjon. Ifølge forskrifts § 10 skal kontrollutvalet minst ein gong i valperioden utarbeide ein Plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Resultatet av gjennomført forvaltningsrevisjon skal rapporterast til kommunestyret (jf. forskriftas § 12).

I Plan for forvaltningsrevisjon for 2016-2019, vedteke av kommunestyret 14.12.2016, er desse prosjekta med:

- **Plan- og byggesaksbehandling**
- **Barnevern**
- **Helhetlige og koordinerte helsetjenester (samhandlingsreformen)**
- **Behandlings- og oppfølgingstilbud til personer/pasienter med psykiske lidelser og/eller rusrelaterte problemer**

Gjennomføring av forvaltningsrevisjon

Utvalet tinga gjennomføring av forvaltningsrevisjonsprosjektet « Plan- og byggesaksbehandling» av Agder kommunerevisjon IKS i 2017. Prosjektet vart ferdig i oktober 2018 og handsama i møte 10. oktober 2018. Rapporten inneheld fleire framlegg til forbetringar, og kontrollutvalet gjorde framlegg til kommunestyret om at dei bad rådmannen fylgje desse opp. Kontrollutvalet ynskja ei attendemelding frå rådmannen innan 15. januar 2019. (Denne vart handsama i møte 28.02.2019)

Tilrådingane var desse:

- *Kommunen bør ta en gjennomgang av planverket sitt for å vurdere hvorvidt en oppdatering er nødvendig, se punkt 6.5.*
- *Kommunen bør sende ut foreløpig svar til tiltakshaver eller ansvarlig søker innen en måned fra mottatt søknad for å informere vedkommende om status på søknad, se punkt 7.8.*
- *Kommunen bør påse at saken er så godt opplyst som mulig før vedtak fattes, se punkt 7.8.*
- *Kommunen bør ikke dele opp søknaden i to trinn dersom søknaden ikke er oppdelt, med mindre slik oppdeling er avtalt med søker, se punkt 7.8.*

- *Kommunen bør sørge for at vurderingen av om lovens vilkår er oppfylt foretas og dokumenteres i de tilfeller hvor slike vurderinger er påkrevd, se punkt 7.8.*
- *Kommunen bør oppdatere «planinnsyn» med alle gitte dispensasjoner, samt avslutte dispensasjonssøknader, se punkt 7.8.*
- *Kommunen bør ikke behandle søknader om dispensasjon på administrativt nivå, se punkt 7.8*
- *Kommunen bør forbedre saksbehandlingen av søknader om dispensasjon, se punkt 7.8.*
- *Kommunen bør endre kommunens praksis som er i strid med forvaltningslovens habilitetsregler, se punkt 8.2.*
- *Kommunen bør utarbeide skriftlige rutiner vedrørende habilitet, se punkt 8.2*
- *Kommunen bør klargjøre delegeringsreglement, samt gjøre videredelegeringen fra rådmann, via tjenesteleder, og ned til saksbehandler skriftlig, se punkt 9.3.*
- *Kommunen bør forbedre saksbehandlingstiden på byggesaksområde, se punkt 9.3.*
- *Kommunen bør oppdatere «planinnsyn» med kommunens til enhver tids gjeldende planer, plankart og planbestemmelser, se punkt 9.3.*
- *Kommunen bør innføre kontroll av vedtak avgjort av saksbehandler med delegert myndighet, se punkt 9.3.*
- *Kommunen bør foreta en risikovurdering som grunnlag for å prioritere, og dermed iverksette, kontrolltiltak, se punkt 9.3.*

Kontrollutvalet sine oppgaver ved selskapskontroll

Etter endringer i kommuneloven og tilhørende forskrifter med verknad frå 1.7.2004, er kontroll og tilsyn med kommunalt eigde selskap ein prioritert oppgåve, og det er tatt inn egne føresegner om selskapskontroll, jf. kommunelovens §77, nr. 5 og § 80. Selskapskontrollen består av ein obligatorisk del som går ut på å føra tilsyn med forvaltninga av eigarinteressene i selskapet (eigarskapskontroll) og ein frivillig del, som medfører at det også kan gjennomførast forvaltningsrevisjon når kontrollutvalet eller kommunestyret finn det naudsynt eller ønskeleg. Selskapskontroll skal gjerast på bakgrunn av plan for selskapskontroll, som kommunestyret skal vedta.

I plan for selskapskontroll er desse selskapa prioritert:

- **Aust-Agder museum og Arkiv IKS**
- **Konsesjonskraft IKS**
- **Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS**
- **Setesdal Brannvesen IKS**
- **Setesdal IKT**

Gjennomføring av selskapskontroll

Det er gjort selskapskontroll i Setesdal Brannvesen IKS. Rapporten vert handsama møte 2. mai 2018. Også her kom det fram tilhøve som det vart gjeven tilrådingar til forbetringar. Kontrollutvalet tilrådde kommunestyret å be rådmannen sjå etter at dei tilrådingane som gjeld Bygland kommune vart fylgd opp. Ein ynskja skriftleg attendemelding frå rådmannen innan utgangen av 2018.

Tilrådingane var desse:

- *Bygland, Bykle, Iveland og Valle kommuner bør utarbeide eierskapsmelding for kommunen, herunder regler og rutiner for eierskapsoppfølging.*
- *Utarbeidelse av etiske retningslinjer.*

- *Utarbeidelse av instruks for styret, herunder retningslinjer for håndtering av mulige habilitetskonflikter.*
- *Det bør klargjøres i eierkommunenes delegasjonsreglement at det er gitt delegasjon av myndighet etter brann- og eksplosjonsvernloven til Setesdal Brannvesen IKS.*
- *Det bør tydeliggjøres av eierkommunene – enten i delegasjonsreglementet eller i vedtak – hvem som er klageorgan etter brann- og eksplosjonsloven.*
- *Det bør legges til rette for årlige eiermøter mellom eierkommunene og Setesdal Brannvesen IKS.*
- *Sentrale dokumenter som årsmelding og årsregnskap legges frem for relevante politiske utvalg, fortrinnsvis kommunestyret.*
- *Protokoll fra representantskapet underskrives av møteleder og to av representantskapets medlemmer i samsvar med IKS-loven.*
- *At innkalling til representantskapsmøte skjer med minst 4 ukers varsel og at sakslisten er vedlagt. Angitt frist for innkalling og varsling av representantskapsmøte i selskapsavtalen, bør justeres i samsvar med IKS-loven ved neste revidering av avtalen.*
- *Det bør tas inn et punkt om plikt til å holde arkiv iht. arkivloven ved neste revidering av selskapsavtalen.*
- *Alle som påtar seg styreverv for kommunale selskaper bør registrere sine verv i styrevervregisteret.*

Det vart i møte tinga selskapskontroll i Konsesjonskraft IKS. Dette vart gjort i samråd med dei fleste andre eigarkommunane i selskapet.

Andre saker

Etter kontrollutvalet si forskrift § 18 skal kontrollutvalet legge frem framlegg til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Kontrollutvalet handsama framlegg til budsjett for Kontroll og Tilsyn for 2019 i sitt møte den 10. oktober 2018 og vart send til kommunen i tråd med forskrifta, som seier at framlegget skal følgje med formannskapet sitt framlegg til kommunebudsjett ved kommunestyrehandsaminga.

Rådmannen har mellom anna orientert utvalet om bemanningssituasjonen ved økonomiavdelinga, og i lukka møter orientert om arbeidsmiljøet i kommunen.

Kontrollutvalet si samansetjing

Kommunelova og forskrift for kontrollutval har bestemte krav til kven som kan veljast som medlemmer av kontrollutvalet. Det heiter mellom anna at eit medlem av kontrollutvalet ikkje kan vere medlem eller varamedlem av kommunalt styre eller nemnd med mynde til å gjere vedtak eller er tilsett i kommunen.

Det er for perioden 2015-2019 fem medlemmer i kontrollutvalet. Dette er:

Leiar: Sigmund Lien
Nestleiar: Olav Lidtveit
Medlem: Marit Taksdal
Medlem: Åse Heistein
Medlem: Siri Alice B. Øvergård

Kontrollutvalet sitt sekretariat

Kontrollutvala i Audnedal, **Bygland**, Bykle, Evje og Hornnes, Farsund, Flekkefjord, Hægebostad, Iveland, Kvinesdal, Lindesnes, Lyngdal, Mandal, Marnardal, Sirdal, Valle og

Åseral har felles sekretariat gjennom Agder Sekretariat, som er eit selskap danna etter § 27 i kommunelova.

Sekretariatet har 2 tilsette og har kontorstad i Kvinesdal kommune.

Sekretariatet sine oppgåver er fastsett i Forskrift for kontrollutval og selskapet sine vedtekter. Det skal mellom anna sjå etter at dei sakene som vert handsama i kontrollutvalet er forsvarleg utgreia, og at utvalet sine vedtak vert sett i verk.